

Ein draum av ein kveld på Oska!

01.10.2016



Musikken og framføringa til Stig Børsheim er ei svært flott innpakking av dikta til Olav H. Hauge.

Eg er audmjuk etter ein så flott konsert skriv uskedalen.no sin medarbeidar Vidar Haugland etter Olav H. Hauge-kvelden med Stig Børsheim, Kai Roger Gjestemoen og Nina Børsheim på Oska fredag kveld. Nedanfor kan de lesa korleis han opplevde den flotte kveldsstunda.



Stig Børshheim(song og gitar) hadde med seg Kai Roger Gjestemoen(gitar, t.v.) og søstera Nina Børshheim (kor, t.h.) på den flotte konserten på Oska.

DET ER DEN DRAUMEN

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje.
at det må skje -
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa -
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

Dette diktet av Olav H. Hauge er hans mest kjende, mest tolka, mest velbrukte,- og kanskje mest fascinerande dikt, - saman med 'Svarte krossar'.

'Det er den draumen' er også nett kåra til Noregs beste dikt.

Stig Børshheim framførte diktet på Oska fredag kveld, saman med 10 andre dikt av Hauge. Ville han lokka fram draumen? Draumen som vi alle har i oss, - draumen om eit godt liv, draumen om håp i vanskelege stunder? Ville han få fram kva som var Olav H. Hauge sin draum?

Vanskeleg å svare på, men Børshheim sin ærlege, vare tolking av diktet, i samspel med søstera Nina Børshheim sin avdempa understemme og gitarspelet til Kai Roger Gjestemoen var gripande.

Av dei andre dikta som Børsheim framførte, vart eg svært fascinert av det tidlegare upubliserte diktet 'I cella', - der Hauge gjev eit skræmande bilet av handsaminga av psykiatriske pasientar på 50-60-talet. Tolkinga til Børsheim gav eit bilet av 'fengselscellene' på Valen på den tida som gav meg frysningar på ryggen. Børsheim har hatt eit godt samarbeid med Olav H. Hauge si enkje etter 1994, Bodil Cappelen, og han avslutta ei strålende stund på Oska med hennar favorittdikt, - 'Kissebærtreet'. Flott levert, - ein vakker og meiningsfull time for ca 120 menneske.

Tekst og foto: Vidar Haugland
Nett: Thor Inge Døssland